



MØTEBOK

Styremøte Røldal fjellstyre

Tidspunkt: Måndag 24.02.20 klokka 18.00 -22.00

Stad: Biblioteket

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Heine Eikemo, Randi Legård

Forfall: Håkon Småbrekke

Andre til stades på møte: Kati Must Nybø, Jan Øvregård, Britt Solbakken, Harald Normann Andersen, sekretær – deler av møtet: Dag Sverre Ekkje, Torleif Fresvik

Saker til styremøtet

Sak 01/20: Referat og meldingar

Sak 02/20: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2019

Sak 03/20: Orientering frå sekretær

Sak 04/20: Budsjett for 2020

Sak 05/20: Regulering av prisar for 2020

Sak 06/20: Val av vararepresentant til styret i FHas

Sak 07/20: Brannvern fjellstyrehusvere

Sak 08/20: Godtgjering styret

Sak 09/20: Reinsjakta 2020

Sak 10/20: Rjupejakta 2020

Sak 11/20: Fiskeforvaltning

Sak 12/20: Kvalitetsnorm for villrein

Sak 13/20: Høyringsnotat om framlegg til endringar i motorferdsellova

Sak 14/20: Val av kasserar for 2019-2023

Sak 15/20: Val av vararepresentant til villreinutvalet for 2019-2023

Sak 16/20: Førespurnad frå utanbygdsbuar om å leige Eriksbu

Sak 17/20: Søknad frå Nils Åge sandal om å leige Ulevåbotn

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møte.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Heine Eikemo/s/

Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 655- epost: roidal@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no

Sak 01/20 Referat og meldingar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

- 2019.11.11-012.1.Møtebok Ulvik fjellstyre
- 2019.11.11-612.1.Svar på ny klage på Miljødirektoratet si avgjersle i klagesak for kvotevedtak for Hardangervidda villreinområde 2019
- 2019.11.14-012.1.Møtebok Øvre Numedal fjellstyre
- 2019.11.15-011.3.Invitasjon til fagsamling 2020
- 2019.11.18-434.4.Scootertraseer som det vert gitt løyver etter frå Tilsynsutvalet gjeldande for 2020-2023
- 2019.11.25-035.2.Brev til Hardangervidda fjelloppsyn AS - Tilbod om restaurering av hytta på Midtfjellsvollen
- 2019.11.25-035.2.Brev til leigetakar av Midtfjellsvollen, Jens Andreas Markhus – Kostnadsfordeling restaurering av Midtfjellsvollen
- 2019.11.25-642.1.Referat frå møte om Fellesfiskekortet ifbm Haustmøte i Eidfjord
- 2019.11.28-035.2.Svarbrev Midtfjellsvolle Hardangeridda fjelloppsyn
- 2019.12.02-011.3.Kurs nye fjellstyrer - program
- 2019.12.16-012.1.Møtebok Øvre Numedal fjellstyre
- 2019.12.20.001.1.Mdir-Høring - Kvalitetsnorm for villrein
- 2019.12.20-012.2.Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
- 2019.12.20-612.0.Kvalitetsnorm for villrein - Høyring
- 2020.01.06.011.3.HFas-Røldal fjellstyre, tjenestekjøp 2019
- 2020.01.06-120 .Tenestekjøp Røldal fjellstyre
- 2020.01.31.43. . Løyve til motorferdsle over privat grunn - RØLDAL FJELLSTYRE
- 2020.02.02.017.1.Helleik Rabbe-søknad om samjakt 2020

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok meldingane til orientering

Sak 02/20: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2019

Saksdokument:

- Rekneskap for 2019
- Balanse 2019
- Årsmelding 2019



Saksutgreiing:

Driftsresultat for 2019 syner eit årsoverskot på kr 138 194,-. Budsjettet for 2019 var gjort opp med 44 406,- i overskot.

Inntektssida vart om lag som forventa. Grunnen til større overskot er jamt over lågare kostnader enn budsjettera. Rekneskapen er ikkje revidert enno og leggast fram for godkjenning med atterhald om at revisor ikkje har merknader til rekneskapen.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre tar årsmelding for 2019 til orientering og godkjenner rekneskapen for 2019 med atterhald om revisors godkjenning.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 03/20: Orientering ved sekretær**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

- Lovutval
- Byggesaker
- Nytt frå dei andre fjellstyra på HV.
- Organisering av Fjellstyra på Hardangervidda, orientering for nye medlemmer

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok orienteringa til vitande

Sak 04/20: Budsjett for 2020**Saksdokument:**

Budsjett for 2020



Saksutgreiing:

Budsjettet er lagt fram med føresetnad om opning av småviltjakt og prisar i tråd med forslag i sak 05/20. Det er lagt inn budsjettal for fellingskvote på 3000 rein med tilnærma normal fordeling. Det er lagt inn føresetnad om at oppgraderinga av støyshus på Midtfjellsvollen vert aktivert i rekneskapen og ikkje kostnadsført i år.

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner framlagt budsjett for 2020

Vedtak:

Samrøystes

Sak 05/20: Regulering av prisar for 2020**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:Fiske:

Her er det forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som er førande for prissetjinga. Direktoratet fastset maksprisar for kva ein kan ta for fiskekort på Statsallmenning. Pristaket for innlandsfiske er fram til 2021:

Dagskort: 100,-

Vekekort: 350,-

Sesongkort: 700,-

I dag er Røldal FS med på fellesordning saman med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord. Her kostar årskort 1000 og vekekort 500. Frå og med 2018 har Røldal FS desse prisane: dagskort 100,-, 3 dagarkort 250,-, vekekort: 300,- og årskort 700,-. I tillegg kan innanbygdsbuande fiske med garn mot løysing av årskort. Dette gjeld og for stongfiske og kostar 400,-

Prisane er for fiskekort er no komen opp på makspris som Direktoratet har fastsett fram til 2021 så dei må være uforandra fram til ny makspris vert justert.

Sakshandsamar føreslår prisane vert uforandra for 2020 sesongen:

Dagskort: 100,-

3 dagarskort: 250,-

Vekekort: 350,-

Årskort: 700,-

Same pris for innan- og utanbygds.

Sesongkort for garnfiske innanbygds (gjeld også som sesongkort for stongfiske): 400,-



Villreinjakt:

Gjeldande prisrammer for utanbygds er:

Fritt dyr:	6500,-
Simle/Ungdyr:	3400,-
Kalv:	1600,-

Dagens prisar:

Fritt dyr:	3200,-
Simle/Ungdyr:	2000,-
Kalv:	1000,-

Halv pris for innanbygds.

Sakshandsamar ynskjer at fjellstyret skal ta stilling til om prisane skal aukast eller vere som dei er.

Småviltjakt:

Gjeldande prisrammer for småviltjakt:

Dagskort:	250,-
5-dager kort:	1000,-
Vekeskort:	1400,-
Sesong:	2300,-

Prisane for Røldal SA var for 2019:

Dagskort:	240,-
Vekeskort:	1 000,-
Sesong:	1 500,-

Sakshandsamar meiner det er rom for å følgje prisrammene på småviltjakt. Dette er ei billig jakt og erfaringsmessig er det ikkje prisen på sjølve jaktkortet som er drivande i kostnaden med å jakta. Jakta på Røldal SA er etter måten lett tilgjengeleg. Ein vil derfor tilrå å auke prisen til gjeldande prisramme:

Dagskort:	250,-
Vekeskort:	1 400,-
Sesong:	2 300,-

Halv pris for innanbygds.

Hytteleige:

Fjellstyret tek opp til diskusjon kva det skal koste å overnatte på hyttene og kva det skal koste å leige oppbevaringsboksar.

Gjeldande prisar:

Hytteleige: Innanbygds: kr. 50,- pr. døgn



Utanbygds: kr. 100,-
Oppbevaringsboks: kr. 200,- pr.år

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett til neste møte

Vedtak:

Samrøystes

Sak 06/20: Val av vararepresentant til styret i FHAs

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Røldal FS er medeigarar i Fjellstyra på Hardangervidda as som er driftsapparatet til alle fjellstyra rundt Hardangervidda. Det er vedtektsfesta at alle fjellstyreleiarar automatisk er styremedlemer i dette selskapet. Varamedlem til styret må velgjast av Røldal FS. Seiste periode er det Håkon Småbrekke som har hatt dette vervet.

Framlegg til vedtak:

Håkon Småbrekke

Vedtak:

Samrøystes

Sak 07/20: Brannvern fjellstyrehusvere

Saksdokument:

Brannteknisk dokumentasjon for Røldal Fjellstyre
ROS analyse

Saksutgreiing:

FH har tidlegare vedteke å lage felles malar for brannvernarbeidet for alle fjellstyra på Hardangervidda. Dette er gjort og det er utarbeidd Brannteknisk dokumentasjon for alle fjellstyrehusvere.



Det er ynskjeleg at fjellstyret tek denne opp til handsaming i dette møtet.

Referat:

Det vart på møte diskutert om ein kunne om ein kunne auke tal overnattande brukara frå 10 til 12 utan at det treng og innførast våken nattevakt. I reglane for særskilte brannobjekt, som ei fjellstyrehytte er, er det krav om komplett brannvarslingssystem dersom hytta skal ha fleire enn 10 overnattande gjester. Dette er ei oppgradering som er kostbar og uaktuell for Røldal fjellstyre.

Framlegg til vedtak:

Røldal FS tek orienteringa til vitande og godkjenner framlagde Branntekniske dokumentasjon for Røldal Fjellstyre.

I henhold til føreslåtte tiltak i ROS analysen går Fjellstyret til innkjøp av fire vedakassar med lok. (1 til Ninive og Gamlabua, 2 til Eriksbu).

Vedtak:

Samrøystes

Sak 08/20: Godtgjering styret

Saksdokument:

Godtgjeringsregulativ Ullensvang kommune

Saksutgreiing:

Røldal FS har i dag desse satsane for godtgjering:

Leiar: 12 000,-

Kasserar: 3000,-

Fjellstyremøte: 600,-

For andre møte der ein representerer Fjellstyret har Røldal FS fylgd vedtak i Fellesstyret for Ullensvang SA. Vedtaket her er: *«Reiser og tapt arbeidsforteneste: Fylgjer reglane og satsane for folkevalde i Ullensvang herad.»*

Røldal FS må sjøelve vedta satsar for godtgjering i fjellstyret. Kommunen må godkjenne desse, jfr Fjellova § 7.

Sakshandsamar tilrår å vidareføre ei ordning med godtgjering som følger satsane for ulegitimert tap av arbeidsforteneste i Ullensvang kommune for møte utanfor fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre tilrår fylgjande satsar for godtgjering for fjellstyremedlemer:



Leiar: 15.000,- pr år
Kasserar: 5.000,- pr år

Godtgjering for interne møte i Fjellstyret: kr 600,-
Halv sats for telefon/epostmøter.

Godtgjering for møter der ein representerar Fjellstyret:
Røldal Fjellstyre følger sats for ulegitimert tapt arbeidsforteneste sett av Ullensvang kommune.

Køyregodtgjering: Røldal Fjellstyre dekker køyring etter same vilkår som for folkevalde i Ullensvang kommune.

Vedtaket er gjort med heimel i Fjellova § 7 og oversendast til Ullensvang kommune for godkjenning.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 09/20: Reinsjakta 2020

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Det er mykje som tyder på at ein i inneverande år vil få mykje lågare kvote enn det har vore dei seiste åra. Fotroteutbrotet ein no har på Hardangervidda har i praksis teke livet av opp mot 1000 dyr i perioden frå kalveteljning og fram til strukturteljning i oktober. Ingen veit kva som har skjedd etterpå....

Det er på det reine at oppsynet i vinter har observert uvanleg mange halte dyr i flokkane. I tillegg er det spor etter mykje enkeltdyr, noko som og kan tyde på at dei ikkje er heilt friske. Ein er inne i ein fase der det er ynskjeleg å få meir informasjon om tilstanden i flokkane og dette vil bli jobba med utover vinteren. Situasjonen er derfor ikkje god med tanke på at det er ynskjeleg med høgt uttak av dyr for å friskmelde Hardangervidda for CWD, samstundes som ein ikkje har tilvekst å ta av. Kva forvaltninga kjem til å gjere i denne situasjonen er vanskeleg å føresjå.

Sakshandsamar vil derfor tilrå at ein utset saka og tek dette opp til vurdering på eit eige møte. Vårmmøtet for Hardangervidda er 28 mars. Kvotefastsetting bør vere klar til dette møtet og Fjellstyret kan då ha eit møte når dette føreligg.

Det har tidlegare vore stor diskusjon i fjellstyret om samjaksavtaler i jakta. Det vil derfor vere nyttig om fjellstyret kan ta dette opp til diskusjon allereie no. Ein legg ikkje opp til vedtak i saka, men ynskjer debatt omkring temaet for å kunne ha eit grunnlag for saka før den skal handsamast. Det har kome inn ein søknad om samjakt frå HA 290 v/Helleik Rabbe.



Referat:

Tor Helge

- Ynskjer å sjå på samjaktavtalene mellom HA 290 og HA 300 med nye auge og meiner dette at det vil vere naturleg å ha eit dialogmøte med grunneigarane. I forkant av dialogmøte gjer fjellstyre seg fyljande tankar:
- Fjellstyre ynskjer ein samjaktavtale.
- Fjellstyre må vite kven dei inngår avtale med
- Samjaktavtala skal ikkje favorisere nokon av partane i avtalen.
- Alle som jaktar på statsallmenningen skal gjere det under like forutsetningar.
- Tilgongen til Kaldevatn og jaktområdet på syd er begrensa sidan vegen er stengd med kjetting. Det er ynskjeleg å lufte stemningen med grunneigarane i det berørte valdet (SE 146-1) om moglegheita til å inngå eit samarbeid/samjakt for å lette tilgongen til statsallmenningen.

Framlegg til vedtak:

Leiar får fullmakt til å ta kontakt med HA 290 og HA 300 for å orientere dei om at fjellstyre ynskjer å sjå på samjaktavtalene med nye auge og at ein meiner dette at det vil vere naturleg å ha eit dialogmøte med grunneigarane. Det er viktig at ein ser på avtalen med nye auge, og ser bort i frå konflikten som har vore tidlegare.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 10/20: Rjupejakta 2020**Saksdokument:**

Ingen

Saksutgreiing:

Det er registrert 270 sal av småviltjakt på Røldal SA i 2019. Fangstrapporteringa pr 01.01.20 syner 266 innleverte fangstrapportar:

År	Tal jegerar	Ikkje jakta	har jakta	ikkje fangst	fangst	fjellryper	liryper	hare	raudrev
2019	270	17	249	82	167	266	26	0	2

Av dei 270 jegerane var det 22 innanbygds og resten utanbygds.

190 jegerar kjøpte døgnekort, 8 jegerar kjøpte vekekort og resten sesongkort.

Det vart seld dagskort, vekekort og sesongkort. Jakta vart avslutta 31.12.19. Jaktstart var 01.10.19.



Takseringar andre stader på vidda har hatt ei positiv utvikling, men det kan tyde på at det var noko nedgang i produksjon i 2019. Spesielt vart fjellfuglen hardt råka av kulde og snø i den mest kritiske perioden for kyllingane. Det er ikkje mogeleg å spå korleis årets produksjon vil bli. Dette avheng av veret komande vår.

Sakshandsamar vil tilrå at Røldal Fjellstyre i utgangspunktet opnar for tilsvarande jakt som i 2019 med same reglar og reguleringar med ei viktig endring. For at Fjellstyret skal kunne vurdere verknaden av årets produksjon (i hovudsak veret i den mest kritiske perioden) vil det vere mogeleg å utsette tidspunktet for opning av sal av kort til 1 august. Då vil ein vite noko meir om korleis produksjonen har vore. I tillegg til dette har Fjellstyret, som eit føre var prinsipp, lagt jaktstart seinare enn jaktidsramma for å avgrense uttaket av fugl. Fjellstyret vil og kunne avgrense talet på kort som vert seld pr dag dersom ein ynskjer å avgrense jakttrykket.

Takseringsresultat frå Øvre Numedal Fjellstyre og Eidfjord Fjellstyre vil og i noko mon kunne seie noko om utviklinga i bestanden. Dette vil ikkje vere direkte overførbart då det er forskjellar både geografisk og med tanke på at ØNF og EF takserar lifugl, noko det er mindre av på Røldal SA.

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett til neste møte

Vedtak:

Samrøystes

Sak 11/20: Fiskeforvaltning

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Leiar ynskjer å legge fram sine synspunkt om fiskeforvaltning på Røldal SA og ynskjer diskusjon omkring temaet på møtet.

Referat:

Leiar ber om løyve til å starte søknadsprosessen om fiskeutsetjing. Det er ynskjeleg å søkje om løyve til å setje ut fisk i vatna på statsallmenningen som renn til Suldal, nærare bestemt Steggjavotna, Austre Middyrvatn, Dumpetjødnane og Nupstjønn. Det er ynskje om å søkje fiskefond og Hydro om støtte til utsetjingsprosjekta

I samband med arbeidet rund fornyinga av konsesjonen til Hydro, utførte dei i løpet av 2019 prøvafiske i dei regulerte vatna deira på statsallmenninga. Leiar førsøkjer å få resultatata frå dette arbeidet.



Framlegg til vedtak:

Leiar startar søknadprosessen om fiskeutsetjing i dei nemnde vatna ovanfor. Det vert og søkt fiskefond og Hydro om økonomisk støtte, lån av utstyr eller personell til utsetjingsprosjektet.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 12/20: Kvalitetsnorm for villrein**Saksdokument:**

Høyringsutkast NFS – Kvalitetsnorm for villrein

Saksutgreiing:

NFS har sendt ut høyringsutkast for kommentarar frå fjellstyrene. Det er kome spørsmål frå sekretær i FHas om FH skal meine noko om dette, eventuelt om FH skal koma med ei uttale som støttar NFS sitt forslag.

Referat:

Fjellstyre tykte at høyringsutkastet frå NFS kom i seinaste laget, og at dei difor fekk kort tid på å sette seg inn i og ha grunnlag for å meine noko om saka. Røldal fjellstyre ynskjer likavel å støtte høyringsforlaget frå NFS.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre støttar høyringsframlegg frå NFS om Kvalitetsnorm for villrein.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 13/20 Høyringsnotat om framlegg til endringar i motorferdsellova**Saksdokument:**

Høyringsnotat frå Klima – og miljødepartementet.

Referat:

På bakgrunn av at denne høyringa kom noko seint i høve kveldens møte vart det litt kort tid for medlemmene å setje seg inn i høyringa.

Fjellstyre støtter sekretær i FHas si vurdering om at det ikkje er endringar i høyringsnotatet som vil påverke fjellstyra på Hardangervidda direkte.

Framlegg til vedtak:

Røldal fjellstyre har ingen merknadar til "høyringa om forslag til endringer i motorferdselloven".

Vedtak:

Samrøystes

Sak 14/20 Val av kasserar for 2019-2023

Saksdokument:

Ingen

Referat:

Fjellstyre ynskter formelt å velje kasserar for denne valperioden. Randi Legård var kasserar i førre periode. Styret var samde i at Randi burde halde fram som kasserar.

Framlegg til vedtak:

Randi Legård vert vald som kasserar for 2019-2023

Vedtak:

Samrøystes

Sak 15/20 Val av vararepresentant til villreinutvalet for 2019-2023

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Røldal fjellstyre skal velja ein vararepresentant til Villreinutvalet

Framlegg til vedtak:



Andre Botnen

Vedtak:

Samrøystes

Sak 16/20 Førespurnad frå utanbygdsbuar om å leige Eriksbu

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Det er komen forespurnad frå utanbygdsbuar om å leige Eriksbu eksklusivt ei helg sumaren 2020. Fjellstyre har i tidlegare vedtak (26/12) ikkje tillatt dette.

Referat:

Diskusjonen syner at styret treng ein prisipiell debatt rundt dette, og veljer difor å utsetje saka til eit seinare møte.

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsett til eit seinare møte.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 17/20 Søknad frå Nils Åge Sandal om å leige Ulvabotn (Ulevåbotn)

Saksdokument:

Søknad frå Nils Åge Sandal

Saksutgreiing:

Fjellstyre har mottat søknad frå Nils Åge Sandal om å leige Ulvabotn (Ulevåbotn).

Referat:



Styret er usikker på kva ein skal gjere med hytta, men er einige om at ein bør ta kostnaden med det nødvendige vedlikehaldet i Ståvassvikja og Midtfjellsvollen før ein forplikter seg til eit stort prosjekt også i Ulvabotn (Ulevåbotn). Leiar foreslår difor å tilby Nils Åge Sandal kontrakt for å "kjøpa tid".

Framlegg til vedtak:

Leiar utformar ei kontrakt for eit år, 2020. Prisen vert sett til kr. 5.000,-.

Vedtak:

Samrøystes

